



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201109634-4/760/MROD

Dykkar ref.:
11/1877-1 MJB

Bergen, 16. november 2011

Fråsegn - NOU 2011:15 Rom for alle - en sosial boligpolitikk for fremtiden

Vi viser til Dykkar brev datert 23. august 2011 der NOU 2011:15 var lagt ut på høyring.

Saka vart lagt fram for Fylkesutvalet i møte 10. november 2011 og det vart gjort følgjande vedtak:

- 1. NOU 2011:15 Rom for alle - stør på ein god måte opp under ein heilskapleg velferdspolitik der arbeid, helse, utdanning og bustad må spele saman for å sikre individa gode levekår.*
- 2. Fylkesutvalet påpeikar at det er trong for å sjå økonomiske verkemiddel innan bustadpolitikken i ein samanheng der også skatt vert vurdert.*
- 3. Ein vel fungerande leigemarknad i heile landet kan sikre fleksibilitet i arbeidsmarknaden, valfridom og livskvalitet i ulike fasar. Oppfølginga bør leggje større vekt på leigemarknaden.*
- 4. Kommunal og regional planlegging som verkemiddel i bustadforsyninga er lite drøfta i NOU-en og bør vurderast grundigare. Fylkeskommunen si rolle kan utviklast i forhold til både rettleiing og planlegging.*
- 5. Husbanken si framtidige rolle som samordnar mellom ulike statlege organ bør drøftast nærare og sjåast i eit større perspektiv som omfattar statlege bankar sin funksjon.*
- 6. Øyremerking av statlege midlar og lovfesting av individuelle rettar kan skape uheldige løysingar i eit lokalt perspektiv. Utvalet sine forslag om større fleksibilitet og meir samordning er positive sett i det same perspektivet.*

Med helsing

Marit Rødseth

Vedlegg: Kopi av saksframstilling og utskrift av den politiske handsaminga.